



Han meinte at ho såg ut som ein 18-åring.



Han meinte også at det var
hennar feil at overgrepa skjedde.



Så bestemte ho seg for å ta serieovergriparen

NRK

Skup-rapport

Den ufrivillige detektiven

Skup-rapport
Jakta på serieovergriparen
NRK Vestland

Geir Bjarte Hjetland, Håvard Heggen, Oddleif Løset, Ann Kristin Mo, Anders Bakkerud
Larsen (foto) og Arne Stubhaug (foto)

Redaktør: Dyveke Maiken Buanes

Reportasjeleiar: Terje Gilleshammer

Kontaktinfo:

Geir Bjarte Hjetland: tlf: 95090318, e-post geir.bjarte.hjetland@nrk.no

Terje Gilleshammer: tlf: 95709412, epost: terje.gilleshammer@nrk.no

Innhald:

1. Slik starta det

1.1 Innleiing

1.2 Dei første spora

2. Det journalistiske arbeidet

2.1 Kjeldekontakt

2.2 Innsamling av data

2.3 Rettssaka

2.4 Den ufrivillige detektiven

2.5 Good cop, bad cop

2.6 Mannen med politibrevet

2.6.1 Motstanden frå lensmannskontoret

2.7 Ei sidehistorie blir sentral

3. Motstand og etiske utfordringar

3.1 Opne og lukka kjelder

3.2 Ein bistandsadvokat til besvær

3.2 Trenering frå Røde Kors

3.3 Intern strid i politiet

3.4 Tilsvarsrundar

3.5 Anonymisering

4. Avsløringar og konsekvensar

4.1 Ei lov i endring

4.2 Full gjennomgang

4.3 Offentleg orsaking frå barnevern og politi i Sunnfjord

4.4 Den svake parten er blitt høyrd

5. Kva lærte vi

5.1 Styrka etisk kompetanse

5.2 Konstruktiv journalistikk som klikkfangar

6. Vedlegg og lenker

1. Slik starta det

1.1 Innleiing

26. februar 2009 er Stine 14 år gamal og stikk av heimanfrå.

Han har bestilt hytte i ei grend utanfor Førde og hentar Stine.

Ute er temperaturen så vidt over null, men inne i hytta er det varmt. Det nærmar seg slutten av ski-VM i den tsjekkiske byen Liberec.

Han skrur på fjernsynet medan han plasserer Stine oppå fanget sitt.

På skjermen er det skuffa norske skijenter som hamna utanfor pallen på stafetten.

Medan sendinga rullar vidare på TV-skjermen tvingar han seg på Stine.

Sjølv om Stine har det vanskeleg heime, så har familiemedlemer forstått kven Stine er med.

Både politi, barnevern og pårørende veit på dette tidspunktet at Stine har ein vaksen ven. Men dei veit ikkje at han er ein valdtektsmann.

Frå artikkelen Jakta på serieovergriparen, publisert 30. januar 2021

Dette er ei av scenene vi skildrar i saka om Stine Reksten. Den unge jenta som blei misbrukt av den vaksne mannen i år etter år. Mange veit om kontakten mellom dei to, men ingen gjer noko med det. Til slutt bestemmer Stine seg for å samle bevis mot mannen.

Hausten 2020 blei han dømd til 12 år i fengsel og til å betale to millionar i erstatning til i alt fem jenter.

Det er knapt nokon som har gjort det vågestykket Stine gjorde. Trass i omfattande diagnosar og eit strevsamt liv i etterkant, ville ho gjere noko for seg sjølv - og dei andre.

Det er også årsaka til at vi valde å setje av tid og ressursar til å fortelje ei annleis overgrepshistorie. Ei historie som nådde ut til langt over ein million lesarar, lyttarar og sjåarar.

Men ingen historie om Stine og serieovergriparen utan historia til Kari. 8. mars 2020 publiserte vi saka om ho, om korleis ho valde å stå i det sjølv om alle rådde ho frå å gå til politiet.

Ho blei misbrukt av ein nær slektning, han tilstod, men blei frikjend. Kari, som då var kaptein i hæren, bestemte seg for å ta kampen mot lovparagrafane som skiljer mellom kjønnsdelar i ro og i rørsle.

Historia om Kari var årsaka til at Stine tok kontakt med oss, som så mange andre gjorde. Men historia til Stine var heilt annleis.

I dag er Kari og Stine vener.

Gjennom arbeidet fekk vi sjå eit system som ikkje fungerte, vi avslørte at fleire visste, men ikkje gjorde noko.

Vi har avslørt polititabbar, manglande samhandling mellom etatar og vi har avslørt ein ukultur i deler av Røde Kors. Vi har avslørt eit system der varsla er mange og der det burde ha ringt ei varselbjelle mange gonger. Vi har gitt stemme til nokon som trengte å rope høgt. Men det er ikkje berre eit case, det er langt større

Dette er slik vi jobba med serieovergriparen.

1.2 Dei første spora

Vinteren 2019 fekk vi dei første hinta om at ei større overgrepssak var i gjære. Krimreporter Oddleif Løset fekk innsyn i to fengslingsavgjerder.

Ein mann frå det sentrale Austlandet var fengsla, mistenkt for overgrep mot mindreårige.

Via kjelder fekk han vite at det kunne dreie seg om ei rekkje overgrep. Minst eitt av offera var frå vårt geografiske dekningsområde.

Mannen hadde ein jobb som gjorde at han kunne flytte raskt på seg rundt i landet.

Utover våren følgde vi denne saka. Politiet la eit lok over etterforskinga. Men vi forstod raskt at dette var ei svært alvorleg sak.

Vi dekkja det som ei ordinær nyheitssak, samstundes som vi jobba parallelt med saka om Kaptein Kari. Fram mot mars 2020 var arbeidet med Kari-saka altoppslukande. 8. mars 2020 publiserte vi den som oppslag på NRK.no.

Trass i den mildt sagt uheldige timinga med eit virus frå Kina, fekk saka om Kari stor merksemd.

Via kjelder i politiet fekk vi samstundes vite at saka om mannen frå Austlandet nok var langt meir alvorleg.

Vi fekk også eit tips om at mannen hadde vore knytta til frivillig arbeid i Røde Kors, og såleis hadde lett tilgang på unge jenter.

Dette blei blankt avvist frå fylkeslaget til Røde Kors i Innlandet. Dei sa rett ut vedkomande aldri hadde hatt noko med ungdom å gjere i Røde Kors – og at dei aldri hadde motteke noko varsel om han.

Det har vist seg seinare å ikkje stemme.

Etterkvart kom tiltalen mot austlendingen. Alle tipsa vi hadde fått stemte med det påtalemakta la fram. Vi kartla etterkvart meir og meir av mannen sine rørsler og kva bakgrunn dei ulike offera hadde.

Alt for å gjere oss klare for å dekke rettssaka hausten 2020. Men det skulle bli langt større.

I juni 2020 tok Stine Reksten kontakt med Geir Bjarte Hjetland.

2. Det journalistiske arbeidet

2.1 Kjeldekontakt og innsamling av data

Frå vi fekk inn dei første tipsa, tok vi grundig vare på alt relevant i denne saka. Vi gjorde notat, sjekka opplysningar og arkiverte det vi fann av offentlege rettsdokument.

Dette arbeidet var eit heilt vesentleg grunnlag for den kunnskapen vi bygde opp rundt mannen som til slutt blei dømd for serieovergrep.

Samstundes jobba vi med lukka kjelder i fleire ulike miljø som kunne stadfeste dei tipsa vi fekk og kunne fortelje oss meir enn det som stod i knappe rettsdokument.

Det gjaldt blant anna informasjon frå kjelder i politi og påtalemakt. Vi fekk vite ein god del om kva som kom fram i avhøyra både av den sikta og frå vitneavhøyr. Vi visste til dømes at han kom til å bli konfrontert med hytteturen han hadde med Stine.

Det gjorde at vi heile vegen hadde kontroll på utviklinga i saka, og dermed stod sterkare publiseringsmessig og etisk undervegs.

Men det store skiljet i arbeidet vårt var då Stine Reksten tok kontakt tidleg på sommaren 2020. Ho ønska å dele med oss korleis det heile hadde gått føre seg.

Men like sterkt framførte ho eit ønske om at det ho hadde gjort med å samle inn bevis skulle føre til rettferd for alle jentene som var råka.

Kontakten gjekk i starten føre seg via tekstmeldingar og snapchat. Etterkvart avtalte vi eit møte på NRK-huset i Førde. Der møtte ho saman med bistandsadvokat Lene Knapstad. Ho blei eit viktig korrektiv gjennom prosessen, hennar fokus var utelukkande på det beste for sin klient.

Det første møtet enda med ein intervjuavtale to veker seinare.

Vi førebudde intervjuet grundig og gjorde klart premissane på førehand. Ingen andre enn vi, ho og bistandsadvokaten skulle vite om det. Særleg fordi det uansett ville gå lang tid før vi ville kunne publisere.

Intervjuet blei gjort i NRK sine lokale i Førde. Vi valde å utelukkande bruke opne spørsmål og svært god tid. Heile intervjuet blei tatt opp på video.

Det var tatt ut tiltale mot mannen, men vi og Stine visste på kvart vårt hald at etterforskinga framleis pågjekk for fullt.

Det blei tidleg avtalt at saka om Stine som sin eigen detektiv ikkje kunne publiserast før det låg føre ein fellande dom mot mannen frå Hadeland.

Vi brukte god tid på å byggje tillit til Stine, noko vi meiner er heilt naudsynt når vi jobbar med intervjuobjekt som har traumer. Utover sommaren 2020 og fram til publiseringa i januar 2021, hadde vi nær dagleg kontakt med Stine. Anten via meldingar, telefon eller stadige kafébesøk.

Det handlar også om å tilegne seg kunnskap og kompetanse for kunne gjere dei etisk rette vurderingane.

Gjennom prosjektet hadde vi jamnleg kontakt med fagfolk innan området, blant anna tilsette i Senter mot incest og overgrep (SMISO) og ved psykiatrien i Helse Førde.

Vi ønska å forstå sjukdomsbiletet til traumeråka, kva effektar det har på dei som blir utsett for overgrep. Det var naudsynt både for å forstå saka, og for å gje oss retningslinjer for korleis vi skulle jobbe med sakskomplekset.

Stine og dei andre offera i denne saka har i ettertid fått påvist PTSD. Vi lærte også at det er vanleg med angst, depresjon og andre symptom som ein direkte årsak frå overgrepa.

Stine var også svært ærleg med oss i høve sin eigen oppvekst, noko som også er ein del av forklaringa på kvifor ho søkte vaksenkontakt.

Vi jobba aktivt med å verifisere alle opplysningane ho gav om seg sjølv og sin eigen situasjon. Frå Stine fekk vi innsyn ei rekkje relevante dokument som stadfesta opplysningane ho gav oss. Det gjaldt blant anna rapportar frå barnevernet, notat frå fastlege og notat frå det lokale lensmannskontoret.

Parallelt med dette hadde vi stadig oftare kontakt med blant andre kjelder i politiet, slik at vi kunne danne oss klare bilete av det som meir og meir stod fram som ein overgripar med ein klar modus operandi.

Både gjennom jobben som sjåfør og gjennom frivillig arbeid hadde han moglegheit til å møte mindreårige jenter. Ikkje minst fordi han fleire gonger var sjåfør for VG-lista då dei var på turné rundt om i landet.

Det var også då VG-lista var i Førde, at Stine som vaksen tok kontakt med overgriparen for å få han til å bli minna om sine eigne handlingar. På den måten ville ho avsløre han og få han dømt.

Det synt seg at vi sjølve hadde arkivbilete frå VG-lista-konserten dette året, og på eitt av bileta står serieovergriparen heilt fremst ved scena saman med mange born.

Vi sikra oss også det vi kunne finne av bilete av mannen, blant anna pressebilete av han saman med ein politiskar i samband med ei Røde Kors-øving.

Vi tok kontakt med Røde Kors igjen ved fleire høve. Vi var på ingen måte nøgde med svara vi fekk frå organisasjonen. Våre kjelder stod på sitt og vi kunne danne oss eit bilete av ein ukultur i det lokale hjelpekorpsset på Hadeland der overgriparen var sentral.

Med den kunnskapen vi hadde kunne vi etterkvart leggje eit hardare press, men det synt seg etterkvart at det blei naudsynt å gå høgare og høgare opp i systemet til Røde Kors for å få svar på spørsmåla i saka.

2.3 Rettssaka

Han kjem inn i salen med ein politimann bak seg og ein framfor. Ser mot Stine og nikkar.

Ho ser berre rett på han med eit iskaldt blikk. Ho veit kva han har gjort. Spørsmålet er om dommarane vil tru ho og dei andre jentene.

Tingrettsdommar Ida Bøen kjem inn, spør tiltalte om namn, yrke og bustad. Og om han erkjenner straffskuld.

– Nei, svarar mannen og ser ned.

Stine svelger ein klump i halsen. Ho har bestemt seg for å sitje der og sjå på han dei neste to vekene.

Frå artikkelen Jakta på serieovergriparen, publisert 30. Januar 2021

I september 2020 starta den omfattande rettssaka mot mannen i 50-åra frå Hadeland. Før saka startar har vi lagt to ulike løp:

A) Følge og dekke rettssaka etter nyheitskriteria på nett, radio og TV.

B) Samle ytterlegare informasjon om namn, hendingar, vitneobservasjonar, samt gjere våre egne observasjonar av den tiltalte. Like mykje som å dekke sjølve saka ville vi finne ut korleis dette kunne skje, kvifor ikkje mannen var stansa tidlegare. Kven visste undervegs, og kva hadde dei gjort med den kunnskapen?

På dette tidspunktet var det berre Stine og hennar bistandsadvokat som visste at vi jobba med ei større publisering.

Reint fysisk var dei andre offera i saka samla på eit advokatkontor på Gran på Hadeland, og følgde med og forklarte seg via videolink til Førde.

Stine oppretta ei chattegruppe med dei andre jentene undervegs i rettssaka og orienterte dei andre om det arbeidet som vi i NRK heldt på med. Slik var dei heile tida oppdatert på framdrifta i vårt arbeid.

Fleire av dei andre jentene ønska også å fortelje si historie, men utifrå etiske vurderingar blei det bestemt at vi skulle halde på Stine sine opplevingar og erfaringar som hovudhistorie.

Ho var og er den sterkaste av jentene på den måten at ho heile tida har hatt eit svært bevisst forhold til det som skjedde og det ho gjorde i ettertid.

Dei andre jentene hadde neppe nokonsinne gått til politiet om det ikkje var for at Stine sørga for at serieovergriparen blei pågripen og etterforska.

Dei vurderingane fell inn under denne paragrafen i VVP:

3.9: Opptre hensynsfullt i det journalistiske arbeidet. Misbruk ikke andres følelser, manglende medieerfaring, uvitenhet eller sviktende dømmekraft. Husk at mennesker i sjokk eller sorg er mer sårbare enn andre.

I oktober blei mannen frå Hadeland dømd til 12 år i fengsel. Han varsla at han ville anke dommen, men dagen før ankefristen var ute, trakk han anken etter råd frå forsvararen sin.

Dermed var dommen rettskraftig, han var kjend skuldig på alle punkt i tiltalen, og vi kunne halde fram med arbeidet vårt med litt færre etiske avgrensingar.

2.4 Den ufrivillige detektiven

Forskning syner at det tar i snitt over 17 år frå eit overgrep skjer til offeret vågar å fortelje om det til politiet. Dei færreste sakane kjem nokon gong for retten.

Slik kunne det også ha vore for Stine Reksten. Men trass i påvist PTSD-diagnose, angst og depresjon som ein følgje av overgrepa, valde ho å konfrontere gjerningsmannen.

På den måten sikra ho indisier og bevis mot han lenge før ho valde å gå til politiet med saka. Både politi og påtalemyndighet meiner at han neppe hadde blitt avslørt utan hennar innsats for seg sjølv og dei andre offera.

Det blei etterkvart klart for oss at dette var kjerna i historia om Stine. Det som gjorde oss trygge på det, var ikkje minst at hennar versjon raskt blei stadfesta av både åpne og lukka kjelder i politiet.

Det blei også stadfesta av kjelder i helsevesenet.

Vi valde å sørge for slike stadfestingar undervegs i arbeidet, nettopp for å vere 100 prosent sikre på korrekt publisering.

Ei anna svært viktig kjelde i dette blei den skriftlege dokumentasjonen som vi fekk tilgang til:

- Samtlege tekstmeldingar mellom Stine og overgriparen frå tida etter ho møtte han igjen for å konfrontere han med det han hadde gjort
- Dokument og rapportar frå helse, barnevern og politi
- Skjermdumpar av kommunikasjon mellom jentene frå chattegruppa (etter avtale)

I dette låg det og ei rekkje personopplysningar som vi valde å halde unna. Det gjaldt også vurderingar av Stine sin heimesituasjon og familiære relasjonar.

Stine hevda i intervju med oss at fleire offentlege etatar visste om at ho som mindreårig høgst sannsynleg hadde eit forhold til ein vaksen mann.

Dette kunne dokumenterast og danna grunnlaget for ein sentral del av publiseringa.

Blant dokumenta vi fekk innsyn i var notat sendt frå lensmannskontoret til det lokale barnevernet og motsett veg.

I desse dokumenta blei det skildra i detalj kva politi, helsevesen og barnevern visste om relasjonen mellom dei to.

På den måten fekk vi også vite at politiet sin operasjonssentral fekk vite om at han var på hyttetur med Stine, men at det dei gjorde var å ringe han – utan å få svar.

Politiet ringte han tilbake etter to veker, då forklarte han at han var hennar “sjelesørgar” og at det ikkje hadde skjedd noko seksuelt. Det tok politiet for god fisk og følgde ikkje opp samtalen.

Chatloggen mellom Stine og overgriparen var svært omfattande, men Stine gav oss skjermdumpar av alt.

For å vere trygg på at ingen uvedkomande skulle finne desse notata og loggane, lagra vi det på eigne, lukka område i OneNote, samt at vi hadde kopiar / skjermdumpar på billedmapper på telefonen.

Før publisering hadde vi fleire rundar med gjennomgang av sakene ord for ord og linje for linje, blant anna for å vere heilt trygge på at kjeldeopplysningane kom ut rett.

Vi køyrde også ein omfattande runde med samtidig imøtegang frå alle partar på innhald av faktisk karakter og sitat i sakene.

I den runden klarte vi å få tak i gjerningsmannen i fengselet og tilbydde han samtidig imøtegang.

I vegleiinga til VVP blir det peika på at retten til samtidig imøtegang blir oppheva av kontradiksjonsprinsippet som rettskraftige dommar byggjer på.

Vi oppfattar likevel vegleiinga i dette som eit miniumskrav, og følte at det var rett i denne saka å leggje fram for han kva vi ville publisere. Særleg fordi vi i så stor grad fortel kva denne mannen gjorde i desse åra.

Basert på intervju med hovudperson, andre kjelder og dokumentasjon valde vi å publisere “Den ufrivillige detektiven” 30. Januar.

Saka låg som oppslag på NRK.no og gjekk som hovudsak i Lørdagsrevyen og nådde på kort tid eit stort publikum.

2.5 Dei utfordrande imøtegangane

– Eg vil beklage for Stine at ikkje barnevernet klarte å forhindre overgrepa. Så eg vil seiie unnskyld til ho for det

Barnevernsjef i Sunnfjord, Ove Mjåtveit, til NRK i februar 2021

Ein sentral del av kritikken frå Stine Reksten handlar om at ho som barn ikkje blei tatt på alvor av dei som skulle hjelpe.

Vi fekk stadfesta dokumentasjon på at helsevesenet, barnevernet, lokalt lensmannskontor og politiet sin operasjonssentral visste at Stine var venn med den vaksne mannen som misbrukte ho.

I det ligg det og ein overbyggande kritikk mot korleis små einingar i til dømes politi og barnevern i liten grad klarte å samarbeide. Systemet den gongen var også heilt avhengig av at enkeltpersonar gjorde jobben sin.

Undervegs i arbeidet såg vi eit tydeleg behov for å få ansvarlege for barnevern og politi til å svare på denne kritikken. Vi bestemte også at dette var så sentralt at kritikken og imøtegangane måtte ha ei eiga publisering.

Sidan overgrepa mot Stine skjedde, hadde det også skjedd store omorganiseringar i det offentlege. Heimkommunen hennar var no blitt ein del av nye Sunnfjord kommune, og lensmannskontoret var lagt ned.

Det gjorde at vi gjekk til leiarane for det samanslåtte barnevernet og til regionleiinga i politiet for intervju. Politiet gav raskt beskjed at dei ville “legge seg flate”, noko som også gjorde intervjusituasjonen enkel.

Men vi var også nøydde til å ta kontakt med den no pensjonerte lensmannen som hadde skrive rapportane vi sat på. Han ønska ikkje å uttale seg, men var tydeleg misnøgd med vårt journalistiske arbeid.

I barnevernet måtte dei ta betenkningstid på om dei ville uttale seg. Blant anna fordi organisasjonen var endra. Vi la då fram dei sentrale delane av den dokumentasjonen vi hadde tilgjengeleg, samt at vi peika på det fritaket frå taushetsplikt Stine Reksten hadde gitt.

Då valde Sunnfjord barnevern å stille opp og leiar Ove Mjåtveit møtte i NRK sine lokale i Førde. Vi køyrde då eit intervju med to reportarar som veksla på å stille spørsmål i over ein time.

Den tidlegare leiaren for det lokale barnevernet var på det tidspunktet fullt ut orientert om vårt arbeid, men gav Mjåtveit fullmakt til å svare for det arbeidet som blei gjort den gongen ho var sjef.

Med desse intervjuar i boks kunne vi førebu dette som publisering to dagar etter den første.

2.6 Politibrevet

«Det bekreftes herved at XXX XXX var innom Gran lensmannskontor 15.05.09. Han fortalte at det var fremsatt beskyldninger per SMS mot han, som dreide seg om handlinger mot (...) Evelyn Holst. XXX sa at disse beskyldningene er usanne. Han ønsket derfor å orientere politiet om dette, i det han ser disse beskyldningene som svært krenkende. Han ønsker per nå å ikke anmelde forholdet».

Sitat frå brev skrive av Gran lensmannskontor i 2009

Tett kjeldekontakt over lang tid gav oss naudsynt tillit i fleire miljø, noko som kom godt med då vi under rettssaka mot overgriparen fekk eit heitt tips på at det låg føre eit heilt spesielt dokument.

Nemleg eit brev overgriparen skulle ha fått med seg frå det lokale lensmannskontoret på Gran.

Ifølgje våre kjelder hadde mannen møtt opp på lensmannskontoret og hevda at han var uskuldig og slett ingen overgripar. Dette skulle ha skjedd i 2009, altså ni år før han blei pågripen i 2018.

Han var blitt konfrontert med rykte lokalt om at han hadde misbrukt ein nær slektning, samt ei han ikkje var i biologisk slekt med, men som han hadde mykje med å gjere.

Den uerfarne politibetjenten som var på jobb hevdar i ettertid at ho ikkje kan hugse hendinga. Men i eit brev med politilogo fekk overgriparen presentere ryktene og samstundes hevde at han var heilt uskuldig og følte seg krenka.

Dette skjer altså samstundes som han ved jamne mellomrom forgriper seg på fleire jenter. Informasjon frå ulike kjelder slo fast at dette brevet kopierte han opp i fleire eksemplar og sende det i posten til fleire slektningar og andre nærstående.

Vi forstod at dette det var heilt avgjerande å få tak i dette brevet. Det var nesten for utruleg til å vere sant at politiet kunne ha skrive eit slikt dokument utan å gjere nokon undersøkingar rundt dei påstandane han kom med.

Reint metodisk tok vi først kontakt med aktor under rettssaka for å be om innsyn i dokument knytta til denne hendinga. Aktor avviste dette.

Vi tok då kontakt med etterforskingssleiinga i Vest politidistrikt om det samme. Vi purra lenge på dette, men via kjelder fekk vi vite at det var usemje i politiet om vi skulle få det eller ikkje.

Vi intensiverte etterkvart jakta på dette brevet og fekk etterkvart tilgang til to kopiar av brevet via lukka kjelder.

Arbeidet med saka blei på denne tida forstyrra av turnus og andre oppgåver. Men opplysningane om brevet var solide og sensasjonelle nok til vi fekk sett av meir tid til arbeidet og kunne tilnærme oss ei av dei som hadde fått brevet.

Dette var ei av dei andre jentene som han hadde misbrukt då ho var mindreårig. Ho var den av jentene som var hardest råka av misbruket, og som var blitt ufør.

Vi fekk vite at ho i byrjinga av etterforskinga hadde store vanskar med å forklare seg om det som hadde skjedd. Men særleg på grunn av kontakten med dei andre jentene, fekk ho meir mot til å stå opp for seg sjølv.

Vi avventa direkte kontakt med ho til våren 2021 og avtalte då å møte ho heime i heimbygda ved svenskegrensa. Ho hadde med seg mor si under intervjuet og dei synte blant anna fram det som vi etterkvart kalla politibrevet.

Samstundes som vi var der måtte vi gjere etiske vurderingar på anonymisering, psykisk tilstand og i kva grad ho ville tole ei publisering, jamfør VVP.

Men både ho sjølv og hennar pårørande stadfesta at ho hadde kome styrka ut av rettsprosessen og at ho no stod på eigne bein for si eiga framtid.

Vi hadde i den same perioden tett kontakt med Innlandet politidistrikt og leiinga der. Dei gjorde eigne interne granskingar, blant anna i høve det arbeidet Gran lensmannskontor hadde gjort – eller ikkje gjort – i samband med overgrepa.

2.6.1 Motstanden frå lensmannskontoret

I byrjinga av juni reiste vi frå Førde til Gjøvik og gjorde eit langt intervju med politisjefen for Vestoppland, Linn Hilde Fosso. Vi fekk då fotostøtte frå NRK Innlandet.

I intervjusituasjon tok vi fram brevet og ba ho lese det høgt medan kamera rulla. Dette var ikkje avtalt på førehand, men ho tok utfordringa. Denne metoden gav ein sterk effekt som understreka alvoret i saka.

Det som likevel står fram som ei stor utfordring er den motviljen vi møtte frå ansvarlege ved Gran lensmannskontor gjennom heile den journalistiske prosessen.

Via kjelder veit vi at dette også var frustrerande for andre i politiet. Andre i etaten måtte stå fram og ta ansvar for det som hadde skjedd lokalt.

Vi har til dags dato ikkje lukkast å få snakke med straffesaksansvarleg ved det lokale lensmannskontoret på Hadeland. Ho har konsekvent avslått einkvar form for kontakt om desse sakene.

Sidan det gjekk fleire månader frå vi gjorde intervjuet, var det viktig for oss å halde kjeldene oppdatert på framdrift. Vi hadde jamnleg kontakt med ho som valde å stå fram som case rundt politibrevet. På den måten kunne vi også gjere jamnlege etiske vurderingar.

Vi gjorde også eit nytt forsøk på å få tilsvaret frå den dømde mannen, men denne gongen fekk vi ingen respons frå han. Heller ikkje via advokaten som var forsvararen hans under rettssaka.

Dermed kunne vi gjere ei felles publisering til alle plattformer 6. oktober 2021. Etter publiseringa, som nådde breitt ut, har vi vore opptekne av korleis særleg casen i historien opplever merksemda.

Vi valde å fjerne deler av namnet hennar (Evelyn Holst er ikkje hennar fulle namn), nettopp for å hindre uønska merksemd. I ettertid har dei einaste negative kommentarane kome frå folk som står gjerningsmannen nær. Vi veit frå kjelder at saka vekte stor merksemd internt i politiet.

2.7 Varslinga som blei benekta

– Eg kan seie at vi fekk inn eit skriftleg varsel i 2009. Vedkomande og personar lokalt i Røde Kors blei konfrontert med dei opplysningane som kom fram. Det førte ikkje til nokon reaksjon den gongen.

Bernt G. Apeland til NRK, februar 2021

Vi var tidleg klar over at serieovergriparen var ein kjend og populær mann i bygda, i alle fall i enkelte miljø. Seinast i 2017, året før han blei pågripen, møtte han ein representant for regjeringa i samband med ei stor Røde Kors-øving.

Han uttalar seg til lokalavisa Hadeland, slik han gjorde ved ei rekkje høve opp gjennom åra. Overgriparen var heilt fram til pågripinga tillitsvald i hjelpekorpsset i Gran og Lunner.

På eit tidleg tidspunkt i arbeidet med serieovergriparsakene sikra vi oss alt vi kunne finne av bilete av mannen i Røde Kors-samanheng. Vi valde også å publisere ei nyheitssak i juni 2020 der vi brukte eit sterkt redigert bilete av han frå øvinga i 2017.

På det tidspunktet nekta Innlandet Røde Kors for at mannen hadde jobba med barn og unge i organisasjonen. Dei nekta også for at det skulle ha kome inn varsel mot mannen sin oppførsel.

Men utover 2020 blei det klart for oss og dokumentert at det Innlandet Røde Kors sa til oss ikkje var korrekt. Det kom blant anna fram i tips vi fekk, samt at det blei stadfesta frå politiet at aktiviteten hans i Røde Kors var ein del av etterforskningsgrunnlaget.

Røde Kors i Innlandet slutta til slutt å svare oss og viste oss lenger opp i systemet då vi byrja å jobbe systematisk med denne sida av saka.

Vi fekk etterkvart også kjelder heilt lokalt, noko som gjorde at vi også fekk ein svært god case som kunne fortelje ei ganske rystande historie om korleis han hadde ein seksualiserande oppførsel i møte med unge jenter i hjelpekorpsset.

I dommen mot han er det også vist til ein episode der han kommenterte undertøyet til ei ung jente dei hadde vore på leiteaksjon etter.

Vi innleia difor ein dialog med Norges Røde Kors. Til slutt konfronterte vi generalsekretær i Norges Røde Kors, Bernt G. Apeland, med det vi visste i intervjusituasjon.

3. februar 2021 kunne vi publisere dette som ei casedriven nyheitssak på NRK.no. I ettertid har Røde Kors hatt ein omfattande gjennomgang av sitt eige varslingsystem og har forsikra at noko slikt aldri skal kunne skje igjen.

3. Motstand og etiske utfordringar

3.1 Opne og lukka kjelder

Det er krevjande kjeldearbeid i denne typen saker. Vi la mykje vekt på å sortere ut relevante frå irrelevante kjelder, og fokuserte på dei muntlege kjeldene som kunne gi oss meirverdi.

Tillit er avgjerande i kjeldearbeid, og vi brukte mykje tid på å etablere tillit til både dei opne og dei lukka kjeldene.

Det å ha nærast dagleg kontakt med kjelder var naudsynt i denne saka, særleg fordi ting utvikla seg og at vi måtte gjere grundige etiske vurderingar undervegs.

Vi måtte også heile tida passe på at lukka kjelder ikkje skulle bli avslørt i eigen organisasjon. Det står helt fremst i pannebrasken at kjeldevernet er heilag.

NRK har ein streng policy på bruk av anonyme kjelder og difor blei det heilt avgjerande at vi undervegs i arbeidet kunne dokumentere opplysningane vi fekk.

Vi sat etterkvart på omfattande skriftleg dokumentasjon, trass i at vi fekk nei på alle innsynskrava vi hadde til påtalemakt og politi.

Det forenkla det journalistiske arbeidet betydeleg og intervjuobjekta kunne aldri nekte for at det vi spurte om var sant.

3.2 Ein bistandsadvokat til besvær

I tida fram mot rettssaka i 2020 tok vi kontakt med alle dei ulike partane i retten, blant anna han som var oppnemnd som bistandsadvokat for fleire av offera i saka. Han ønska ikkje å ha nokon kontakt med oss i starten.

Etterkvart som vi fekk stadig større tillit blant offera i saka via Stine, snudde han i sitt syn. Men vår oppleving var at han i mindre grad enn andre partar i saka var villig til å yte det lille ekstra for at saka skulle bli belyst journalistisk.

3.2 Trenering frå Røde Kors

Den største kjeldemessige utfordringa i denne saka var utan tvil Røde Kors. Det å oppleve at deler av ein organisasjon kjem med direkte usanningar, er drøyt. Dette betra seg då vi tok kontakt med Norges Røde Kors sentralt, men også der opplevde vi trenering.

Det er forståeleg at ein av dei organisasjonane i landet med høgast tillit opplever dette som vanskeleg. Men i eit ope samfunn må alle tole å bli sett i korta.

3.3 Intern strid i politiet

Noko av det mest overraskande funnet vi gjorde var at det pågjekk ein maktkamp og krangling internt i politiet om kven som hadde ansvar for å etterforske, utgreie og handle etter at Stine Reksten melde saka.

Via innsyn og lukka kjelder kunne vi fortelje at Gran lensmannskontor i stor grad nekta i bidra i etterforskningsarbeidet. Noko som igjen førte til ei meirbelastning for Vest politidistrikt og lensmannskontoret i Førde og Naustdal.

Det var også mannskap frå Sunnfjord som gjennomførte pågripinga på Hadeland i samarbeid med lokal patrulje frå UP.

3.4 Samtidig imøtegang

Det var eit naturleg mål for arbeidet at alle som blei utsett for sterke påstandar av faktisk karakter fekk kome til orde i sakene.

Denne gongen valde vi å kontakte fengselet der vi visste at serieovergriparen sat fengsla. Dei formidla kontakt vidare og han ringde oss etter relativt kort tid.

Han kom då med ytringar som ikkje kunne publiserast av etiske årsaker, men det var likevel betryggande at han visste om kva som ville kome.

Vi var også i kontakt med foreldre og pårørande til casane, samt pårørande til den dømde. Dette for å kunne førebu dei på dei publiseringane som ville kome.

3.5 Identifisering

Spørsmålet om anonymisering hadde vi med oss i heile prosessen. Dei punkta vi tok fram til vurdering fleire gonger var:

- I kva grad skal vi identifisere gjerningsmannen?
- Kor skal vi leggje oss på geografisk identifisering?

Vi valde å bruke fleire anonymiserte bilete av mannen fram til rettssaken, mens vi etter rettskraftig dom forelå har gått lenger i identifisering. Blant anna ved at vi har brukt bilete av mannen der vi berre har piksellert ansiktet hans.

Det gjer også at dei ferskaste bileta vi har brukt er mogleg å tolke med bildeattkjenning i Google, dersom ein er teknisk dyktig.

Omsynet til hans pårørande var ei av dei faktorane vi tok omsyn til. I bygda der han budde, i Røde Kors og i arbeidsmiljøet har det heile tida vore velkjent kven han er og kva han er dømt for.

Vi har tatt fleire omsyn når det gjeld geografi. I starten brukte omgrep som “det sentrale Austlandet”. Då vi publiserte saka om “politibrevet” var vi tydelege på at det gjaldt lensmannskontoret på Gran.

Lokale medier i Innlandet har gått lenger enn oss når det gjelder geografi, men det har vore sentralt for oss å gjere sjølvstendige vurderingar.

Det å ha identifisering som punkt på agendaen før møter og publiseringar, opplevde vi som eit viktig verktøy. Særleg fordi ein har ulike partar å ta omsyn til i arbeidet med ei så omfattande sak.

4. Avsløringar og konsekvensar

4.1 Ei lov i endring

I Straffelova har det lenge vore eit klart skilje mellom ulike former for overgrep. For dei mest alvorlege overgrepa har det ikkje vore vore noko foreldingstid sidan 2017.

To av dei vi skreiv om, Kari frå Tromsø og Stine frå Førde, gjekk i lag med andre for å få forandra lova slik at ingen saker kan bli forelda.

Vi behandla dette journalistisk ved fleire høve, blant anna ved å kontakte medlemmer av justiskomiteen på Stortinget og justisdepartementet. Vi var også i kontakt med ekspertar på området.

Kravet frå kvinnene og dei nettverka dei danna undervegs blei etterkvart tatt opp som representantforslag i Stortinget. Forslaget om å kutte alle foreldingsfristar fekk fleirtal og blir no norsk lov.

4.2 Full gjennomgang

Etter våre avsløringar varsla Norges Røde Kors full gjennomgang av varslingsinstituttet, rutinar og tidlegare saker.

Vi har i ettertid fått melding at dei har gjennomført eit omfattande arbeid, men dei har ikkje gitt oss nærare innsyn i eventuelle resultat av gjennomgangen.

Men vi opprettheld kontakten med kjeldene med tanke på ny journalistikk på dette.

4.3 Offentleg orsaking frå barnevern og politi i Sunnfjord

Sjølv om det forelåg ein rettskraftig dom, som inneholdt skjult kritikk av både barnevern og politi, så var det vår publisering som setje søkelyset på rutinesvikten i både politi og barnevern. Dette førte til den offentlege orsakinga, og ein gjennomgang av rutinane.

4.4 Den svake parten er blitt høyrd

For Stine, og dei andre offera, har det betydd mykje å bli høyrd og få fortalt si historie. I ettertid har den offentlege merksemda blant anna ført til Stine blei nominert til årets modigaste kvinne i bladet Tara. Ho har også blitt intervjuet av fleire andre medier og har vore gjest i store podkastar.

5. Kva lærte vi

5.1 Styrka etisk kompetanse

NRK Vestland er ei avdeling som i stor grad jobbar i det løpande nyheitsbildet, med løpande publisering på nett, 12 timar radio alle kvardagar og distriktsendingar på tv.

Det er krevjande å gå laust på store journalistiske prosjekt og leiinga må heile tida finne balansen mellom tid til graving og alle dei andre oppgåvene som må gjerast.

Det fordrar også at vi spelar på lag med andre avdelingar og ressursar i vårt system. Sakene vi har publisert har heile vegen blitt vurdert på redaktørnivå. NRK sin etikkredaktør har også vore eit tydeleg kontrollpunkt heile vegen.

Men det å jobbe metodisk med etikk i eit stort prosjekt gir god læring for dei involverte. Det gir også moglegheiter for læring vidare i redaksjonen.

5.2 Løpande dekning som metode for avsløring

I denne saka lærte vi korleis vi kunne setje oss eit langsiktig mål om den større saka vi ville publisere der framme, samstundes som vi dekkja saka i det løpande nyheitsbildet.

Gjennom dekning av etterforskning, tiltale, rettsak og dom samla vi parallelt dokumentasjon til den overordna saka.

For ein redaksjon som stort sett jobbar i det raske nyheitsbildet, var dette nytt, og gav ro i arbeidsprosessen og kontroll på historia.

5.2 Konstruktiv journalistikk som klikkfangar

Omgrepet “konstruktiv journalistikk” har vore diskutert mykje i mediebransjen dei siste åra.

Det har vore svært interessant å sjå korleis den løysingsorienterte delen av prosjekt har fanga eit langt større publikum, enn den reint konfliktorienterte.

Det å gje publikum inntrykk av håp, hjarte, hjerne og humor er noko NRK har jobba mykje med dei siste åra. I vårt prosjekt har særleg håp vore sentralt, ikkje minst i hovudsaka om Stine Reksten.

Den saka har per dags dato over 600.000 unike brukarar, der 94,7 prosent av lesarane kan målast til “nøgde”. Saka har nær 700.000 sidevisningar.

6. Relevante lenker frå 2019 til 2021

Nettartiklar:

<https://www.nrk.no/vestland/xl/kaptein-kari-er-kampklar-1.14860820>

<https://www.nrk.no/vestland/for-kari-tok-det-over-ti-ar-for-ho-klarte-a-fortelje-om-overgrepa-fra-barndomen-1.14928419>

<https://www.nrk.no/vestland/politiet-meiner-dei-har-avslort-serieovergrip-1.14370907>

<https://www.nrk.no/vestland/mann-51-tiltalt-for-grove-overgrep-mot-mindrearige-jenter-1.15040703>

<https://www.nrk.no/nyheter/tiltalt-for-grove-overgrep-1.15149212> (nyheitssenter)

<https://www.nrk.no/vestland/domd-til-fengsel-i-12-ar-for-valdteker-av-mindrearige-1.15182757>

<https://www.nrk.no/vestland/xl/jakta-pa-serieovergrip-1.15192144>

<https://www.nrk.no/vestland/rode-kors-la-vekk-fleire-varsel-om-moglege-overgrep-1.15331613>

<https://www.nrk.no/vestland/seier-unnskyld-til-overgrepsoffer-1.15334354>

<https://www.nrk.no/vestland/xl/mannen-med-politibrevet-1.15520911>

<https://www.nrk.no/norge/deira-kamp-har-endra-lova-og-fatt-fleire-jenter-til-a-ga-til-politiet-med-overgrepssaker-1.15686144>

TV-reportasjar:

Lørdagsrevyen om Stine Reksten:

<https://tv.nrk.no/se?v=NNFA02013021&t=959s>

Barnevern og politi beklagar:

<https://tv.nrk.no/se?v=NNFA19020121&t=922s>

Røde Kors beklagar:

<https://tv.nrk.no/se?v=NNFA19020321&t=1292s>

Politibrevet:

<https://tv.nrk.no/se?v=DKHO98100621&t=44s>